



Dette er:

FNs Fremtidslab i Ålesund - U4SSC (UNITED FOR SMART AND SUSTAINABLE CITY)

*For å få fart på bærekraftig utvikling*



## Innhold

Bakgrunn for Ålesund Fremtidslab – U4SSC (UNITED FOR SMART AND SUSTAINABLE CITY).....	3
<b>FN sine berekraftsmål:</b> .....	3
Ålesund Fremtidslab - U4SSC - eit ressurscenter for United Smart Sustainable nettverket, og global hub for visualisering og simulering: .....	3
Partnarane i Ålesund Fremtidslab - U4SSC - Kven er vi? .....	4
Våre fellesnemnarar:.....	5
Ålesund Fremtidslab - U4SSC - styrkebasert tilnærming: .....	5
Ålesund Fremtidslab - U4SSC - framtidens organisasjonsform: .....	5
Dette får du ved å vere partnar i Ålesund Fremtidslab – U4SSC.....	6
Faste aktivitetar og satsingar i Ålesund Fremtidslab – U4SSC .....	6
Drift :.....	7
Organisering: .....	7
Grenseoppgang til andre aktørar: .....	8
Finansiering: .....	8
Digital etikk.....	8

## Bakgrunn for FNs Fremtidslab i Ålesund – U4SSC (UNITED FOR SMART AND SUSTAINABLE CITY)

### FN sine berekraftsmål:



FN sine berekraftsmål er verdens felles arbeidsplan for å utrydde fattigdom, bekjempe ulikskap og stoppe klimaendringene innen 2030. Bærekraftig utvikling handler om å ta vare på behovene til menneske som lever i dag, uten å ødelegge framtidige generasjoner sine muligheter til å få dekket sine. Berekraftsmåla reflekterer dei tre dimensjonane i bærekraftig utvikling: klima og miljø, økonomi, og sosiale forhold. Skal vi nå berekraftsmåla krev det at vi ser utfordringane i samanheng.

Vi må finne nye samhandlingsarenaer for å finne heilskaplege løysingar på tvers av sektorar og aktørar. Verda har blitt mindre. Det fins ikkje lenger mine eller dine problem. Det fins berre; våre problem, og vi treng oftare enn før å sitje rundt same bord. Fleire aktørar og fleire perspektiv må løftast inn i utviklingsprosessane (offentlig sektor, privat sektor, innbyggjarar/frivillig sektor og forskning). Bærekraftperspektivet vil i framtida vere ein del av alle forretningsmodellar og alle offentlege strategiar. Co-Creation/ samskaping, for å få fart på bærekraftig utvikling, vil vere ein katalysator for all verdiskaping både i det offentlege og i det private.

### Ålesund Fremtidslab - U4SSC - eit ressurscenter for United Smart

### Sustainable nettverket, og global hub for visualisering og simulering:

Nye Ålesund kommune er medlem i nettverket U4SSC. Dette er verdens største Smart City nettverk. I samarbeide med FN-nettverket etablerer vi no Ålesund Fremtidslab - U4SSC- ved Campus i Ålesund. Ålesund Fremtidslab skal bidra til å nå våre felles mål på smartare måtar. Ålesund Fremtidslab er den globale huben for visualisering og simulering i FN nettverket.

UNECE si definisjon av smart City:




*“A smart sustainable city is an innovative city that uses ICTs and other means to improve quality of life, efficiency of urban operation and services, and competitiveness, while ensuring that it meets the needs of present and future generations with respect to economic, social, environmental as well as cultural aspects”*

## Partnarane i FNs Fremtidslab i Ålesund - U4SSC - Kven er vi?

- Vi er eit partnerskap mellom næringsliv, offentlig sektor og akademia
- Vi arbeider med satsingar og prosjekt lokalt, regionalt, nasjonalt og globalt
- Vi arbeider med ei vid forståing av berekraft: Sosial berekraft, klima og miljø, økonomisk berekraft





#### Våre fellesnemnarar:

- Vi har bærekraft, samarbeid og teknologi implementert i vår strategi
- Vi har tru på auka samarbeid mellom samfunnsaktørane, og at dette er avgjerande for å nå måla
- Vi har tru på at auka samarbeid vil gi nye forretningsmuligheiter
- Vi er ambassadørar for bærekraftig utvikling gjennom å påverke eigen organisasjon og samarbeidspartar til å bidra for å nå bærekraftsmåla.
- Vi vil involvere og engasjere innbyggjarane heile vegen

#### FNs Fremtidslab i Ålesund - U4SSC - styrkebasert tilnærming:

Ålesundsregionen har eit verdslende forsknings- og utviklingsmiljø ved Norges mest næringsnære campus. Her fins kompetanse, kapasitet og teknologisk infrastruktur som har stor overføringsverdi til smart og bærekraftig samfunnsutvikling. Suksessfaktoren i arbeidet med å utvikle Ålesund Fremtidslab - U4SSC er å skape ein kultur for læring, deling og samhandling på tvers. Dette er det allereie etablert infrastruktur og kultur for ved Campus i Ålesund. Dette gjev Ålesund Fremtidslab - U4SSC gode rammevilkår. Vi skal vere eit ressurscenter og utstillingsvindu for verdas største Smart Sustainable City nettverk. Kontaktnettverket er globalt og partane vil bli sett i kontakt med kvarandre gjennom deltaking i Ålesund Fremtidslab - U4SSC. Gjennom faste møter, samt digital delingsplattform for utveksling av informasjon og marknadsføring vil partnarane haldast orientert om pågåande prosjekt lokalt og globalt.

#### FNs Fremtidslab i Ålesund - U4SSC - framtidens organisasjonsform:

Med bakgrunn i den teknologiske utviklinga og den digital oppkoplade verda, etablerer vi gjennom Ålesund Fremtidslab - U4SSC ein type organisasjon som kan samanliknast med eit økosystem. Vi etablerer eit ope nettverk av partnarar som samarbeider for å levere på stadig høgare krav, og på leveransar som er bærekraftige. Dette gjer vi fordi vi erkjenner at våre tidlegare organisatoriske grenser ikkje lenger strekk til dersom vi skal utvikle oss, og dersom vi skal løyse komplekse utfordringar. Vi har trua på at løysingane finnes på tvers av den tradisjonelle organisasjonen, og at morgondagens løysingar ikkje vert skapt i siloar.

Suksessfaktoren framover ligg i evna til å samarbeide med andre. På denne måten kan Ålesund Fremtidslab – U4SSC fungere som ein katalysator for høgare produksjonsverdi for alle partnarar. Det finnast mange gode døme på denne organiseringa rundt omkring, både lokalt, i regionen, i Norge og i verda. Ålesund Fremtidslab – U4SSC skal aktivt søkje samarbeid og deling med andre Labar for stadig å vere i utvikling.

## Dette får du ved å vere partnar i FNs Fremtidslab i Ålesund – U4SSC

- Vere ein del av verdas største Smart Sustainable City-nettverk
- Få førstehandsinformasjon og kunnskap om strategiske prosessar for berekraftig utvikling lokalt, regionalt, nasjonalt og globalt
- Vere ein del av eit konsortium knytt til forskning og utviklingsprosjekt
- Få direkte tilgang på møter og kontaktar formidla gjennom FN-nettverket og Ålesund Fremtidslab – U4SSC sin kontaktflate og kompetanse
- Få tilbod om konferansar og kurs knytt til smart og berekraftig utvikling
- Få tilgang på global digital marknadsplass for formidling av prosjekt og etterspurnad av tenester.
- Synleggjering og marknadsføring av smarte og berekraftige løysingar gjennom U4SSC Lab sitt kommunikasjons og marknadsarbeid
- Betre kunnskap om innbyggjarane sine behov gjennom innbyggjarundersøkingar- og involvering
- Tilgang på free-seating arbeidsplassar
- Tilgang på møteromsfasilitetar
- Tilgang på partnarar sine kompetansebidrag
- Tilgang på å nytte Labèn som prosjektkontor for Smarte-berekraftige prosjekt

## Faste aktivitetar og satsingar i Fns Fremtidslab i Ålesund – U4SSC

- Faste målingar av berekraft i regi av Labèn (FN sitt verktøy for berekraftsmåling, innbyggjarundersøkingar mm)
- Utvikle felles strategi og tiltak med bakgrunn i målingane og innbyggjarundersøkingar
- Nytte visualisering og simulering som verktøy for å utvikle nye former for formidling av kunnskap, forbetring av beslutningsgrunnlag, innbyggjarinvolvering og demokratisering av berekraftsarbeid.
- Relevante arbeidsgrupper knytt til strategiske satsingsområde
- Faste møter med FN-nettverket
- Arena for tverrgående prosjekt ( mellom kommune, akademia og næringsliv, mellom avdelingar i kommunen m.m.)
- Faste møter med politikarar og partnarar
- Faste aktivitetear i året med alle medlemmer i Labèn for å bygge eigarskap.

- Involveringsmøter mellom partnerar og innbyggjarar (referansegrupper for arbeidsgruppene)
- Kompetanseprogram knytt til berekraft og berekraftsmåla
- Tilbod om fagdagar knytt til aktuelle tema
- Webinar
- Aktivitetar som gjer Ålesund Fremtidslab – U4SSC til eit «opplysningskontor» for berekraft
- Demokratisere berekraftsarbeidet gjennom å involvere innbyggjarane i arbeidet med å utvikle smarte og berekraftige løysingar, og gjennom å nytte visualiserings- og simuleringsteknologi for å lettare forstå kompleks informasjon
- Nokre aktivitetar vil bli retta mot samla partnarskapet
- Nokre aktivitetar vil bli retta mot dei ulike partnarmålgruppene

Aktivitetane vil vere avhengig av samansetting av partnerar, og aktivitetar kan variere gjennom eit år/mellom år etter behov. Punktlista ovanfor er ikkje uttømmende og må tilpassast behov i partnarskapet.

### Drift :

Nye Ålesund kommune har ansvar for dagleg leiing, drift og organisering av Ålesund Fremtidslab - U4SSC.

Dette inneber:

- Lokalitetar
- Stillingsressursar til fasilitering av aktivitetar ved Labèn
- Leggje til rette for tilgang til opne data
- Leggje til rette for å kunne dele data
- Digital samarbeidsplattform

Etter avtale vil og partnerar kunne stille til rådighet felles ressursear på Labèn.

### Organisering:

- Nye Ålesund inngår partneravtalar med aktørar som har engasjement for arbeidet og som ved ulike bidrag kan bringe meirverdi inn i Ålesund Fremtidslab - U4SSC
- Partnerane stiller med ein representant i samarbeidsråd for Ålesund Fremtidslab - U4SSC
- Det skal gjennomførast minimum 2 møter i samarbeidsrådet i året
- Informasjon og dialog mellom partane i samarbeidet skal skje fortløpande gjennom digital plattform
- Samarbeidsrådet vel 7 representantar til ei styringsgruppe for Ålesund Fremtidslab - U4SSC

- Mandat for styringsgruppa skal knytast til strategi og utvikling av Ålesund Fremtidslab - U4SSC
- Faste arbeidsteam vert nedsett med bakgrunn i strategien som er utvikla for Ålesund Fremtidslab - U4SSC

### Grenseoppgang til andre aktørar:

Ålesund Fremtidslab - U4SSC er lokalisert på Campus i Ålesund. Dette inneber at vi er ein del av eit mangfaldig miljø der andre aktørar og samarbeidspartar er ein sentral del av grunnlaget for Ålesund Fremtidslab - U4SSC sin eksistens. Det vil vere grenseoppgangar mellom Ålesund Fremtidslab - U4SSC og andre aktørar. Desse skal avklarast undervegs slik at dei vert ein styrke for alle partar.

### Finansiering:

Kommunalt tilskot over budsjett

- Betalt medlemskap (kontingent)
- Sponsoravtalar med profilering
- Kjøp av tenester/ aktivitetar utanfor fast medlemskap
- Bruk av Ålesund Fremtidslab - U4SSC som fast prosjektkontor etter eigen avtale
- Partnerbidrag i form av andre ressursar
- Andre offentlege støtteordningar utanom kommunen
- Donasjonar

### Digital etikk

Ei berekraftig smartbyutvikling føreset at vi bruker teknologien og metodane som utviklast til samfunnets beste. I mange tilfeller vil smarte løysingar innebere kunnskap om innbyggjar som må forvaltast på ein god måte. Når smarte løysningar blir tatt i bruk må vi òg gjere det på ein måte som støttar opp under eit robust samfunn.

FNs Fremtidslab i Ålesund - U4SSC forpliktar seg til å legge til grunn samfunnsetiske omsyn i arbeidet med smarte løysningar, både når det gjeld utvikling og korleis dei vert tatt i bruk nasjonalt og internasjonalt. Vidare skal partane delta i arbeidet på Labèn knytt til digital etikk.